


REGULERINGSFØRESEGNER FOR HILLAND BUSTADFELT GNR.  
134, BNR. 4,37 MFL.

§ 1

Det regulerte området som er synt på planen er nytta til:

- § 25.1 Byggeområde for bustad.
- § 25.3 Trafikkområde - køyre- og gangveg
- § 25.4 Friområde - felles leikeområde
- § 25.6 Spesialområde - pumpestasjon - kulturvern
- § 25.7 Fellesareal - avkøyrsl - leikeområde



A. BYGGEOMRÅDE FOR BUSETNAD

§ 2

Arealet skal byggjast ut med bustadhus, til dømes slik det er synt i reguleringsplanen. Bustadane kan vera i to høgder.

§ 3

Rekkjehus skal byggjast etter ein felles plan. Dei kan ha to høgder og kjellar.

§ 4

Kvar frittliggjande eienbustad som har garasje på eiga tomt skal i tillegg ha ein biloppsillingsplass på tomte. Både garasje og biloppstillingsplass kan vera på ein felles parkeringsplass. På felles parkeringsplass skal det vera 1,5 biloppstillingsplass pr. bustad.

For fleirbustadgruppene er både avkøyrslar og fellesanlegg for parkering/garasje synt på reguleringsplanen.

§ 5

Grupper av bustader som vert førde opp under eitt, skal ha ein felles plan for opparbeiding av terreng og fellesareal, plassering av bosstativ, tørkestativ og TV-antenner.

§ 6

Bygningsrådet kan krevja at bygningar som høyrer saman i ei gruppe, skal harmonera i farger og takform.

## B. TRAFIKKOMRÅDE

### § 7

Gang- og sykkelveggar skal ikkje nyttast til køyring. Berre naudkøyring og køyring for kommunalt vedlikehold og snøbrøyting er tillete på desse vegane.

## C. FRIOMRÅDE - FELLES LEIKEOMRÅDE

### § 8

I desse områda kan det oppførast anlegg og bygningar som har naturleg tilknytning til bruken, og etter plan som bygningsrådet skal godkjenna.

## D. SPESIALOMRÅDER

### § 9

Friområdet er eit urørt naturområde der inngrep som vegar og bygningar ikkje skal skje utan i samråd med bygningsrådet. Kulturvernområdet kan ikkje nyttast til landbruksdrift eller andre føremål som kan skada området.

Turvande tekniske anlegg kan liggja innanfor området.

## E. FELLESEFØRESEGNER

### § 10

Det skal vera gjerde mot køyreveg. Gjerde må ikkje setjast opp i frisiktsone. Murar og gjerde skal vera minst mogleg skjemmaende og ikkje utformast slik at trafikkføre oppstår. Eventuell markering av grense mot nabo skal helst gjerast med plantar.

### § 11

Etter at desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikke høve til ved servitutt (privat) å oppretta tilhøve som strir mot føresegnene.

### § 12

Innanfor ramma av plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne og departementet sine byggjeforskrifter, kan bygningsrådet gjere unnatak frå desse føresegnene i høve der særskilde grunnar talar for det.